

Møteprotokoll

Formannskapet

Møtedato: 23.10.2025

Møtetid:

11:00 - 16:00

Møtestad: Ordførar sitt kontor -
kommunehuset

Saksnr.:

064/25 – 075/25

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Eivind Sverre Lidal	SP
Marta Sofie Vange	H
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
064/25	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
065/25	Referatsaker
066/25	Delegasjonsaker
067/25	Orienteringssaker til formannskapet 23.10.25
068/25	Budsjett 2025 - revisjon etter 2. tertial
069/25	Finansrapport 2. tertial 2025
070/25	Kraftutvalet - utvida mynde og langsiktig strategi
071/25	Turistinformasjon Vik
072/25	Høyringsvar til Strategi for forvaltning av hjortevilt
073/25	Søknad om konsesjon - ny frist for oppfylling av buplikt på gbnr 171/10 i Åfet - Ronny Borlaug.
074/25	Open post i formannskapet
075/25	Handsaming av klage på avslag knytt til startlån – ikkje offentleg



064/25: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

23.10.2025 Formannskapet**FS - 064/25 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Rune Lunde (SP) og Marta Sofie Vange (H).

Samrøystes.

065/25: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

23.10.2025 Formannskapet**RS 011/25 - oppsummering vegen vidare på Kristianhus:**

Ordførar informerte om innspel frå Stiftelsen Kristianhus angående besøkstall på Kristianhus dei fem siste åra. Oversikt over besøk sidan oppstart av stiftinga i 2020:

- 2020 - 470
- 2021 - 500
- 2022 - 402
- 2023 - 637
- 2024 - 567
- 2025 - 667

FS - 065/25 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

066/25: Delegasjonsaker

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.



23.10.2025 Formannskapet

Det var ingen merknader til delegerte saker.

FS - 066/25 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

067/25: Orienteringssaker til formannskapet 23.10.25

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

23.10.2025 Formannskapet

- Fastsetting løn kommunedirektøren kap 3.4.1. Møtet vart samrøystes lukka med heimel i kommunelova §11-5, 3 ledd, bokstav a, “hensynet til personvern krever at møtet lukkes”
- Personalsjef Tordis-Kristin Tobiassen orienterte om resultat frå lokale forhandlingar i kap 3 og 5. Presentasjonen frå personalsjef er lagt ved denne saka.
- Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert orienterte om ny samfunnsdel til kommuneplan. Drøfting av utkast for delmål og strategiar, samt arealstrategi. Presentasjonar er lagt ved denne saka.
- Ordførar orienterte om regimer for vern av kysten. Møtet vart samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 3 ledd bokstav b, “Hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier at møtet lukkes, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt fra innsyn etter offentleglova hvis de hadde stått i et dokument”.
- Kommunalsjef tekniske tenester Ole Petter Ramberg orienterte om vedlikehaldsplan kommunale bygg. Sak kjem opp i kommunestyret 06.11.25.
- Kommunedirektøren orienterte om Sogn KO. Prinsipp for kostandsfordeling, vertkommunesamarbeid NAV, Skog i Sogn, Plan i Sogn - kart oppmåling og GIS, Alarmsentralen og felles barnevern i Sogn.

FS - 067/25 Vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.



068/25: Budsjett 2025 - revisjon etter 2. tertial

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport pr. 2. tertial 2025 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til drift, pr. 2. tertial 2025, slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd".
Budsjettendringane framgår av tabell "Samla forslag til budsjettendring" (klikk på budsjettendring for tekst):
 - a. Sum generelle driftsinntekter får ein auke på kr. 1.671.000,-.
 - b. Sum netto driftsutgifter aukar med kr. 2.504.000,-
 - c. Netto finansutgifter får ein reduksjon med kr. 1.109.000,-
 - d. Netto driftsresultat får ei betring med kr. 276.000,-
 - e. Rådmann og politisk styring får uendra ramme.
 - f. Stab og fellesfunksjonar får reduksjon i ramma grunna endringar av økonomisjefrolla med kr. 987.000,-.
 - g. Oppvekst får auke i ramma til å dekke auka kostnader ved overgang til Sogn barnevern og reduserte foreldrebetalingar til barnehagane frå 1. august med kr. 1.164.000,-.
 - h. Helse og velferd får auke i ramma for å dekke ikkje reell innsparing i driftstilpassingsprosjektet med kr. 2.100.000,-.
 - i. Kommunalteknikk får uendra ramme.
 - j. Samfunn, næring og kultur får uendra ramme.
 - k. Konesjonskraft får auke i ramma grunna reduserte inntekter på kontrakt som er seld med spot med påslag med kr. 667.000,-.
 - l. Sentrale inntekter og utgifter får reduksjon i ramma som følgje av nettoverknad for auke i avsetjing til livslang AFP og reduksjon i avsetjing til lønsoppgjer med kr. -440.000,-.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjettendringane på dei ulike rammeområda.
4. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til investering, pr. 2. tertial 2025 slik det går fram av "Status §5-5 første ledd" og "Status §5-5 andre ledd":
 - a. Investering i varige driftsmidlar aukar med kr. 10.587.000,-
 - b. Kompensasjon for meirverdiavgift aukar med kr. 2.495.000,-
 - c. Overføring frå drift til investering vert auka med kr. 8.092.000,- for å erstatta låneopptak.
5. Endringane over fører til følgjande endringar i avsetjing til- og bruk av disposisjonsfond:
 - a. Avsetjingar til disposisjons-fond får ein reduksjon med kr. 9.164.000,-.
 - b. Bruk av disposisjons-fond får ein reduksjon med kr. 1.348.000,-.

23.10.2025 Administrasjonsutvalet



Votering nr 1 - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 7 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**ADMU - 015/25 Vedtak:**

Administrasjonsutvalet legg saka fram for formannskapet med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport pr. 2. tertial 2025 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til drift, pr. 2. tertial 2025, slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd".

Budsjettendringane framgår av tabell "Samla forslag til budsjettendring" (klikk på budsjettendring for tekst):

- a. Sum generelle driftsinntekter får ein auke på kr. 1.671.000,-.
 - b. Sum netto driftsutgifter aukar med kr. 2.504.000,-
 - c. Netto finansutgifter får ein reduksjon med kr. 1.109.000,-
 - d. Netto driftsresultat får ei betring med kr. 276.000,-
 - e. Rådmann og politisk styring får uendra ramme.
 - f. Stab og fellesfunksjonar får reduksjon i ramma grunna endringar av økonomisjefrolla med kr. 987.000,-.
 - g. Oppvekst får auke i ramma til å dekke auka kostnader ved overgang til Sogn barnevern og reduserte foreldrebetalingar til barnehagane frå 1. august med kr. 1.164.000,-.
 - h. Helse og velferd får auke i ramma for å dekke ikkje reell innsparing i driftstilpassingsprosjektet med kr. 2.100.000,-.
 - i. Kommunalteknikk får uendra ramme.
 - j. Samfunn, næring og kultur får uendra ramme.
 - k. Konesjonskraft får auke i ramma grunna reduserte inntekter på kontrakt som er seld med spot med påslag med kr. 667.000,-.
 - l. Sentrale inntekter og utgifter får reduksjon i ramma som følgje av nettoverknad for auke i avsetjing til livslang AFP og reduksjon i avsetjing til lønsoppgjer med kr. -440.000,-.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjettendringane på dei ulike rammeområda.
 4. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til investering, pr. 2. tertial 2025 slik det går fram av "Status §5-5 første ledd" og "Status §5-5 andre ledd":
 - a. Investering i varige driftsmidlar aukar med kr. 10.587.000,-
 - b. Kompensasjon for meirverdiavgift aukar med kr. 2.495.000,-
 - c. Overføring frå drift til investering vert auka med kr. 8.092.000,- for å erstatta låneopptak.
 5. Endringane over fører til følgjande endringar i avsetjing til- og bruk av disposisjonsfond:
 - a. Avsetjingar til disposisjons-fond får ein reduksjon med kr. 9.164.000,-.
 - b. Bruk av disposisjons-fond får ein reduksjon med kr. 1.348.000,-.

Samrøystes.



23.10.2025 Formannskapet

Assisterande kommunedirektør Geir Svendsen og kommunalsjef Espen Holen deltok under møtet. Dialog med administrasjonen om investeringsporteføljen budsjett 2026 - økonomiplan 2026-2029.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 068/25 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapport pr. 2. tertial 2025 til vitande.
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til drift, pr. 2. tertial 2025, slik det går fram av skjema "Status §5-4 første ledd" og "Status §5-4 andre ledd".
Budsjettendringane framgår av tabell "Samla forslag til budsjettendring" (klikk på budsjettendring for tekst):
 - a. Sum generelle driftsinntekter får ein auke på kr. 1.671.000,-.
 - b. Sum netto driftsutgifter aukar med kr. 2.504.000,-
 - c. Netto finansutgifter får ein reduksjon med kr. 1.109.000,-
 - d. Netto driftsresultat får ei betring med kr. 276.000,-
 - e. Rådmann og politisk styring får uendra ramme.
 - f. Stab og fellesfunksjonar får reduksjon i ramma grunna endringar av økonomisjefrolla med kr. 987.000,-.
 - g. Oppvekst får auke i ramma til å dekke auka kostnader ved overgang til Sogn barnevern og reduserte foreldrebetalingar til barnehagane frå 1. august med kr. 1.164.000,-.
 - h. Helse og velferd får auke i ramma for å dekke ikkje reell innsparing i driftstilpassingsprosjektet med kr. 2.100.000,-.
 - i. Kommunalteknikk får uendra ramme.
 - j. Samfunn, næring og kultur får uendra ramme.
 - k. Konesjonskraft får auke i ramma grunna reduserte inntekter på kontrakt som er seld med spot med påslag med kr. 667.000,-.
 - l. Sentrale inntekter og utgifter får reduksjon i ramma som følgje av nettoverknad for auke i avsetjing til livslang AFP og reduksjon i avsetjing til lønsoppgjer med kr. -440.000,-.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele budsjettendringane på dei ulike rammeområda.
4. Kommunestyret vedtek budsjettendringar knytt til investering, pr. 2. tertial 2025 slik det går fram av "Status §5-5 første ledd" og "Status §5-5 andre ledd":
 - a. Investering i varige driftsmidlar aukar med kr. 10.587.000,-
 - b. Kompensasjon for meirverdiavgift aukar med kr. 2.495.000,-



- c. Overføring frå drift til investering vert auka med kr. 8.092.000,- for å erstatta låneopptak.
- 5. Endringane over fører til følgjande endringar i avsetjing til- og bruk av disposisjons-fond:
 - a. Avsetjingar til disposisjons-fond får ein reduksjon med kr. 9.164.000,-.
 - b. Bruk av disposisjons-fond får ein reduksjon med kr. 1.348.000,-.

Samrøystes.

069/25: Finansrapport 2. tertial 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommunestyre tek rapport om finansforvaltning for 2. tertial 2025 til vitande.

23.10.2025 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 069/25 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Vik kommunestyre tek rapport om finansforvaltning for 2. tertial 2025 til vitande.

Samrøystes.

070/25: Kraftutvalet - utvida mynde og langsiktig strategi

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kraftutvalet skal nytte følgjande strategi for sal av dei fire kraftkontraktane: Kvart år skal kraftutvalet nytte Kommunekraft som rådgivarar og selje følgjande kontraktar innan 1. desember:
 - a. Kontrakten for Refsdal og Evanger komande år.
 - b. Kontrakten for Målset for året etter komande år.



- c. Kontrakten for Hove for det tredje året.
2. Kraftutvalet får mynde til å avgjøre om kommunen skal selje kontraktane på avtale med fastpris eller på avtale med spotpris med påslag.
3. Kraftutvalet kjem attende med eiga sak når spørsmålet om sal av kraft til verksemdar i kommunen er ferdig utgreidd.

23.10.2025 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt pkt 1:**

For: 4 stemmer (100%) - AP 2, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 070/25 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

1. Kraftutvalet består av fylgjande: Roy Egil Stadheim, Aud Marit Berge Feidje og Eivind Lidal. Administrasjonen fungerer som sekreteriat.
2. Kraftutvalet skal nytte følgjande strategi for sal av dei fire kraftkontraktane: Kvart år skal kraftutvalet nytte Kommunekraft som rådgivarar og selje følgjande kontraktar innan 1. desember:
 - a. Kontrakten for Refsdal og Evanger komande år.
 - b. Kontrakten for Målset for året etter komande år.
 - c. Kontrakten for Hove for det tredje året.
3. Kraftutvalet får mynde til å avgjøre om kommunen skal selje kontraktane på avtale med fastpris eller på avtale med spotpris med påslag.
4. Kraftutvalet kjem attende med eiga sak når spørsmålet om sal av kraft til verksemdar i kommunen er ferdig utgreidd.

Samrøystes.

071/25: Turistinformasjon Vik

Kommunedirektøren si tilråding

1. Kommunedirektøren legg opp til organisering og drift av turistinformasjonen i Vik i eigen regi, og at dette blir koordinert med drift av ISPS hamna i Vik.
2. Kostnadar for dette leggst inn i budsjettet for Vik hamn og vert dekket av passasjergebyr knytt til cruisesanløp.

23.10.2025 Formannskapet



Kommunalsjef Ole Petter Ramberg og kommunalsjef Espen Holen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 4 stemmer (100%) - AP 2, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 071/25 Vedtak:

1. Kommunedirektøren legg opp til organisering og drift av turistinformasjonen i Vik i eigen regi, og at dette blir koordinert med drift av ISPS hamna i Vik.
2. Kostnadar for dette leggst inn i budsjettet for Vik hamn og vert dekkja av passasjergebyr knytt til cruisesanløpa.

Samrøystes.

072/25: Høyringsvar til Strategi for forvaltning av hjortevilt

Kommunedirektøren si tilråding

Vik kommune ser positivt på forslag til Strategi for forvaltning av hjortevilt og har kommentarar til nokre av fokusområda:

2.2: Redusere viltpåkøyrslar

Varslingstenesta frå trafikant via politi (tlf. 02800) og vidare til kommunalt ettersøkspersonell fungerer ikkje godt nok avdi det kan vera vanskeleg å nå fram med beskjed til politiet.

2.3 Redusere skader forårsaka av hjortevilt

I enkelte område gjer store bestandar av hjortevilt omfattande skade på landbruket sine avlingar; vinterfôr, frukt og skog. Overføring av sjukdomar og parasittar er også eit problem. Dei som driv norsk matproduksjon på areala (eigd og leigd) må ha stor innflytelse på forvaltninga slik at skadar og tap kan haldast på eit akseptabelt nivå.

2.4 Utgifter ved viltpåkøyrslar

I mange kommunar går alle midlane på viltfondet med til å dekkja utgiftene med ettersøkt etter skada vilt. I Vik om lag 80%. Midlane kjem frå fellingsavgiftene som jegerane betalar inn, og skal i fylgje §1 i forskrifta gå til å *fremme viltforvaltninga*. Handtering av skada vilt bør finansierast med andre midlar enn dei kommunale viltfonda.

Eit anna problem er at eigarane av fylkes- og riksvegar skjeldan melder inn hendingar med viltpåkøyrslar i Fallviltregisteret. Det fører til at ein ikkje har korrekt oversikt over kva vegstrekningar som er farlegast når det gjeld kollisjon mellom hjort og bil/motorsykkel.



3.2 og 3.3: Dyresjukdommar og smittespreiing

Sjukdomar kan smitta både frå husdyr til hjortevilt og frå hjortevilt til husdyr på beite. Vidare kan smitte spreie seg til menneskjer. Den store auken i utanlandske turistar, både innan friluftsliv i utmark og med bubilar langs vegar og på fjelloverganger, aukar også faren for innførsel og spreiding av sjukdomar me ikkje har frå før, jf. CVD. Det er trong for meir informasjon og andre førebyggjande tiltak mot smittespreiing.

4.1 Haldningsskapande arbeid

Den positive utviklinga i haldningsskapande arbeid blant jegerane for å få til ei god jaktutøving må halde fram, slik at ein sikrar god dyrevelferd, robuste bestandar, trygg jakt og framleis høg samfunnsaksept for bestandsregulering og hausting av ressursane.

4.3 Teknologisk utvikling

Nye teknologiske hjelpemiddel må takast i bruk når dei bidreg til at ein klarar å halda bestandane på eit berekraftig nivå, samt for å oppnå ei presis og god hjorteviltforvaltning.

5.3 Viltkjøtt

Det må arbeidast meir for å få ein større del av viltkjøtet som vert hausta i Noreg ut til butikkar og restaurantar, noko som kan gi grunnlag for lokale inntektsmoglegheiter, næringsutvikling og gagne reiselivet. Mindre svart omsetnad av viltkjøt og import av hjortekjøtt langvegsfrå vil også vera positivt.

23.10.2025 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 4 stemmer (100%) - AP 2, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 072/25 Vedtak:

Vik kommune ser positivt på forslag til Strategi for forvaltning av hjortevilt og har kommentarar til nokre av fokusområda:

2.2: Redusere viltpåkøyrslar

Varslingstenesta frå trafikant via politi (tlf. 02800) og vidare til kommunalt ettersøkspersonell fungerer ikkje godt nok avdi det kan vera vanskeleg å nå fram med beskjed til politiet.

2.3 Redusere skader forårsaka av hjortevilt

I enkelte område gjer store bestandar av hjortevilt omfattande skade på landbruket sine avlingar; vinterfôr, frukt og skog. Overføring av sjukdomar og parasittar er også eit problem. Dei som driv norsk matproduksjon på areala (eigd og leigd) må ha stor innflytelse på forvaltninga slik at skadar og tap kan haldast på eit akseptabelt nivå.

2.4 Utgifter ved viltpåkøyrslar



I mange kommunar går alle midlane på viltfondet med til å dekkja utgiftene med ettersøkt etter skada vilt. I Vik om lag 80%. Midlane kjem frå fellingsavgiftene som jegerane betalar inn, og skal i fylgje §1 i forskrifta gå til *å fremme viltforvaltninga*. Handtering av skada vilt bør finansierast med andre midlar enn dei kommunale viltfonda.

Eit anna problem er at eigarane av fylkes- og riksvegar skjeldan melder inn hendingar med viltpåkøyrslar i Fallviltregisteret. Det fører til at ein ikkje har korrekt oversikt over kva vegstrekingar som er farlegast når det gjeld kollisjon mellom hjort og bil/motorsykel.

3.2 og 3.3: Dyresjukdommar og smittespreiing

Sjukdomar kan smitta både frå husdyr til hjortevilt og frå hjortevilt til husdyr på beite. Vidare kan smitte spreie seg til menneskjer. Den store auken i utanlandske turistar, både innan friluftsliv i utmark og med bubilar langs vegar og på fjelloverganger, aukar også faren for innførsel og spreining av sjukdomar me ikkje har frå før, jf. CVD. Det er trong for meir informasjon og andre førebyggjande tiltak mot smittespreiing.

4.1 Haldningsskapande arbeid

Den positive utviklinga i haldningsskapande arbeid blant jegerane for å få til ei god jaktutøving må halde fram, slik at ein sikrar god dyrevelferd, robuste bestandar, trygg jakt og framleis høg samfunnsaksept for bestandsregulering og hausting av ressursane.

4.3 Teknologisk utvikling

Nye teknologiske hjelpemiddel må takast i bruk når dei bidreg til at ein klarar å halda bestandane på eit berekraftig nivå, samt for å oppnå ei presis og god hjorteviltforvaltning.

5.3 Viltkjøtt

Det må arbeidast meir for å få ein større del av viltkjøtet som vert hausta i Noreg ut til butikkar og restaurantar, noko som kan gi grunnlag for lokale inntektsmoglegheiter, næringsutvikling og gagne reiselivet. Mindre svart omsetnad av viltkjøt og import av hjortekjøt langvegsfrå vil også vera positivt.

Samrøystes.

073/25: Søkna om konsesjon - ny frist for oppfyljing av buplikt på gbnr 171/10 i Åfet - Ronny Borlaug.

Kommunedirektøren si tilråding

I medhald av konsesjonslova §§ 5 og 9, samt naturmangfaldlova §§ 8-12, gjev Vik kommune Ronny Borlaug på ny utsett frist for starte å følgje opp buplikta på gbnr. 171/10 i Åfet, Feios, til 20.10.26.

23.10.2025 Formannskapet



Votering nr 1 - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 4 stemmer (100%) - AP 2, H 1, SP 1**Mot:** 0 stemmer (0%)**FS - 073/25 Vedtak:**

I medhald av konsesjonslova §§ 5 og 9, samt naturmangfaldlova §§ 8-12, gjev Vik kommune Ronny Borlaug på ny utsett frist for starte å følge opp buplikta på gbnr. 171/10 i Åfet, Feios, til 20.10.26.

Samrøystes.

074/25: Open post i formannskapet**Kommunedirektøren si tilråding**

Saka blir lagt fram utan tilråding.

23.10.2025 Formannskapet

Kommunalsjef Espen Holen deltok i møtet.

Spørsmål frå Eivind Lidal (SP) om retningslinjene for tilskot til næringsformål, bør redigerast med tanke på planting av meir bringebær.

Kommunalsjef Espen Holen svara ut at potten avsett til næringsliv, landbruk og skogsvegar er på totalt 1 550 000 kr. Inndelinga har tradisjonelt vore kr. 700 000 til næringsliv, 600 000 til landbruk og 250 000 til skogvegar. For skogvegar og landbruk har midlane strekt til årleg. Mykje av midlane har gått til replanting, og det er ofte dei same søkjarane som får tildelt midlar år etter år. For næringslivet har det vore for lite midlar, noko som har resulter til avslag eller avkorting for desse i høve det retningslinjene opnar opp for. Me bør difor sjå på dei midlane som er avsett til næringsfondet som ein stor pott på kr. 1,55 mil, slik at tildelingane vert gjort der det utløyser utvikling og nyskaping, og ikkje berre er tilskot til vidare drift.

FS - 074/25 Vedtak:

Orienteringa vart teke til vitande.

Samrøystes

